



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Dato: 14.06.2016  
Vår ref.: 2016/4091-15  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel 2016-2027, Austrheim kommune

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 13.04.2016 om offentlig ettersyn av forslag til kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2027, for Austrheim kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert kommunedelplanen it i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 8. juni 2016, vart det fatta følgjande vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit godt og tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune. Kommuneplanens arealdel er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Utvalet er positiv til kommunen sine overordna arealstrategiar.
2. Utvalet ber om at senterstruktur med sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen i henhold til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, § 2.3
3. Det er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), og utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget. Kommunen bes vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føresegn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden.
4. Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderingar av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.
5. Akvakultur er i for liten grad ivaretatt i planframlegget frå Austrheim kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
  - Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.
6. Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:
  - Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
  - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

7. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
- I. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
  - II. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.
  - III. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.

8. Utvalet ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
- I. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
  - II. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Eva Katrine Taule  
Kst. plansjef

Snorre Waage  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Hordaland  
Statens vegvesen - Region Vest

Arkivsak: 141

Arkivnr: 2016/4091-3

Saksbehandlar: Snorre Waage, Eva Katrine Taule, Anne Mette Nesje Porten, Gunhild Raddum, Gudrun Mathisen, Jomar Ragnhildstveit, Sølve Sondbø, Vibeke Saure Lokøy, Hans Inge Gloppen, Monika Serafinska, Øystein Skår, Inger Lena Gåsemyr, David Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval                                          | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------------------------|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 87/16  | 08.06.2016 |

**Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune – 2016-2027****Samandrag**

Austrheim kommune har sendt forslag til kommuneplanen sin arealdel for 2016-2027 på høyring i brev av 13.04.2016, med frist for å kome med fråsegn innan 1. juli 2016. Hordaland fylkeskommune har vurdert kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Arealbruken i forslag til kommuneplan for Austrheim er basert på ei omfattande konsekvensutgreiing av arealbruksinnspel, strandsoneanalyse og i hovudsak samsvarande med den vedtekne samfunnsdelen til kommuneplanen (2015). Gjennom dette grunnlaget er det teke omsyn til både nasjonale og regionale mål for arealbruken. Det er og etablert byggegrense mot sjø i høve til resultatet av analysen for funksjonell strandsone. To relativt nye kommunedelplanar er teke inn i dette forslaget til kommuneplan. For heile kommunen er det arealstrategiane frå den nye samfunnsdelen til kommuneplanen som har vore styrande. Hovedsatsingsområda er infrastruktur, tettstadsutvikling og næringsutvikling.

Fylkesrådmannen er positiv til dei overordna arealstrategiane som er lagt til grunn for kommunen sine arealvurderingar. Kommunen vidarefører i stor grad arealbruk frå dagens kommuneplan og kommunedelplanar. Fylkesrådmannen ønskjer vidare å berømme kommunen for måten dei har digitalisert og tilgjengeleggjort innspel til kommuneplanen. Dette er til fordel for kommunens innbyggjarar so vel som for offentleg forvaltning.

Kommunen sine vurderingar av areal til bustadføremål syner at det i stor grad er tilstrekkeleg med areal for bustadbygging i eksisterande planar, og kommunen har difor ikkje i særleg grad utvida areal til bustadbygging i dette planframlegget. Kommunen har teke utgangspunkt i befolkningsframskrivingar.

Bustadfelt ved Vardetangen og Ervikane er føreslått med bustadføremål i kommuneplanen. I konsekvensutgreiinga kjem begge desse forslaga ut med overvekt av negative konsekvensar, mellom anna i høve til strandsona, kystlandskap, friluftssinteresser og etablerte turløyper. Særleg Vardetangen vil vere utsett for ekstremværhendingar, og avstand til skule og handel vil gje eit bilbasert utbyggingsområde. Vardetangen ligg i tillegg tett innpå regionalt friluftsområde vurdert som svært viktig. Fylkesrådmannen rår ifrå at Vardetangen (B40) og Ervikane (B42) vert gitt bustadføremål i føreslått kommuneplan.

Konsekvensutgreiing for føreslått område for spreitt utbygging ved Utkilen/Storhaugen (SB1) syner at føreslått inngrep har overvekt av negative konsekvensar. Fylkesrådmannen rår til at Utkilen/Storhaugen (SB1) vert tatt ut av planforslaget.

Fylkesrådmannen ber om at senterstruktur med fastsatt sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen, og at kommunen gjennom føresegn talfester moglege utbygging i område sett av til LNF-spreitt i planperioden.

Uttak av skjelsand er ikkje omtalt i høyringsframlegget, og fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er gjort arealvurderingar av område for skjelsandopptak. I det vidare arbeidet oppmodar vi kommunen til å gjere arealvurderingar for moglege skjelsandopptak og å gjere aktuelle område synlege i kommuneplankartet. Slik vil kommunen i forkant kunne vurdere og planlegge kor eventuelle uttak er ønskelege, eller eventuelt minst konfliktfylt.

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er det avsett 4 område for akvakultur i sjø samt eit stort fleirbruksområde som inkluderer akvakultur. I høyringsframlegget er alle områda for akvakultur fjerna, og i tillegg er akvakultur tatt ut av fleirbruksområdet. Det er tatt inn eitt område for akvakultur i planen, ved lokalitet Øksneset i Børildosen. Dette AK-området dekkjer berre delar av det eksisterande anlegget.

Å legge til rette for ei berekraftig havbruksnæring er ei viktig forvaltningsoppgåve for Hordaland fylkeskommune. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet vert utnytta på ein best mogleg måte. I forslaget til kommuneplan er det foreslått endringar som vil gjere det vanskelig å oppretthalde drift ved fleire område. Med bakgrunn i dette rår fylkesrådmannen til at det vert fremja motsegn til fjerning av akvakulturområde ved Allersholmen og til begrensingar knytt til akvakulturområdet ved Øksneset.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing. Etter at planforslaget vart lagt ut til høyring har fylkeskonservatoren vore i dialog med administrasjonen i Austrheim kommune. Fylkesrådmannen tilrår å fremje motsegn til planforslaget då tidlegare innspel ikkje er tatt til følgje i planforslaget. Motsegn er knytt til tekniske og formelle manglar i høve kulturminneinteresser, og vert trekt dersom vårt forslag til føresegnar vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit godt og tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune. Kommuneplanens arealdel er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Utvalet er positivt til kommunen sine overordna arealstrategiar.
2. Utvalet ber om at senterstruktur med sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen i henhold til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, § 2.3
3. Det er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), og utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget. Kommunen bes vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føresegn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden.
4. Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderingar av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.
5. Akvakultur er i for liten grad ivaretekt i planframlegget frå Austrheim kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
  - Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.

6. Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:
- Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
  - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.
7. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
- IV. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
- V. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.
- VI. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).
- Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.
8. Utvalet ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
- III. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
- IV. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

### Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit godt og tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune. Kommuneplanens arealdel er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Utvalet er positiv til kommunen sine overordna arealstrategiar.
2. Utvalet ber om at senterstruktur med sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen i henhold til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, § 2.3
3. Det er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), og utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget. Kommunen bes vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føresegn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden.

4. Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderingar av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.
5. Akvakultur er i for liten grad ivaretatt i planframlegget frå Austrheim kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
  - Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.
6. Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:
  - Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
  - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.
7. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
  - VII. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
  - VIII. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.
  - IX. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.
8. Utvalet ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
  - V. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
  - VI. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
regionaldirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 19.04.2016

## 1. Bakgrunn

Austrheim kommune har sendt arealdelen til kommuneplan på høyring med frist 1. juli 2016. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

### 1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 30. april 2013.

Arbeidet vart starta opp med offentleg høyring og godkjenning av planprogram i 2013. I 2014 vart det utarbeidd ny samfunnsdel samstundes som det vart gjennomført innspelsrunde for den kommande arealplanen. Den nye samfunnsdelen vart endeleg vedteke i kommunestyret 04.02.2015. Etter dette har fokus vore på konsekvensutgreiing (KU) av alle, over hundre, arealinnspel. Dette arbeidet er og tilgjengeleggjort gjennom bruk av [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no). Kommunen har delteke i regionalt planforum 24.03.2015.

Proessen fram til planforslag for arealdelen er gjennomført med støtte i digitale kart og internett. Det er lagt vekt på at prosessen skal vera open for ålmenta gjennom bruk av [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) og kommunen si heimeside.

## 2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser

### 2.1 Arealdel til kommuneplan

#### Planomtale

Kommuneplanen si arealdel vart sist vedteken i 2006, og det blei i planstrategien for 2011-15 anbefalt a rullera gjeldande plan. Plandokumenta består av eit digitalt plankart, ei planskildring, føresegner, konsekvensutgreiingar og analyse av funksjonell strandsone. Proessen fram til planforslag for arealdelen er gjennomført med støtte i digitale kart og internett.

Arealbruken i framlegget er basert på den omfattande konsekvensutgreiinga av arealbruksinnspel, strandsoneanalyse og mest mogleg i samsvar med den vedtekte samfunnsdelen (2015). Gjennom dette grunnlaget er det teke omsyn til både nasjonale og regionale mål for arealbruken. Det er og etablert byggegrense mot sjø i høve til resultatet av analysen for funksjonell strandsone. I mange område er det brukt arealformål LNF spreidd utbygging i kombinasjon med byggegrense. Det er ikkje lagt ut særleg mange



nye område for bustader. Grunnen til dette er at det framleis er mykje ferdig regulerte område i kommunen, og samstundes er det rom for meir fortetting og noko spreidd utbygging. Det er fokusert på næringsareala i Mongstadområdet. Til dømes er Øksnesmarka i planframlegget disponert til LNF i samsvar med KU-vurderinga for innspel der.

I planskilringa gjer kommunen greie for kva vurderingar som er lagt til grunn for arealbruk i planarbeidet gjennom *overordna arealstrategiar*. Det er eit godt utval av strategiar, og fylkeskommunen er positive til dei strategiske arealføringane kommunen ønskjer å planlegge etter.

#### Plankart

Med grunnlag i planprogram, vedteken samfunnsdel, KU og strandsoneanalyse, er det laga heilt nytt framlegg til arealplankart. Kartet er fulldigitalt og i samsvar med gjeldande standard (SOSI 4.5). Kommunen har sjølv stått for produksjon av det digitale plankartet som og tek inn tidlegare kommunedelplanar for Fønnes-Kaland-Leirvåg-Litlås området (2010) og Fensfjordplanen (2013).

Alle innspel til kommuneplanen er sett i system og vurdert kvar for seg. Alle innspel vart lagt inn i eit kartlag på [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) slik at det er tilgjengeleg for alle kor innspela er lokalisert og kva arealbruksendring som er foreslege. Dette kartlaget vert nytta aktivt som grunnlagskart i arbeidet med det nye arealplankartet. Fylkeskommunen ønskjer å berømme kommunen sitt arbeid på dette området, og korleis karttenester er nytta i utarbeidinga av kommuneplanen.

#### Føresegner

Til plankartet er det knytt føresegner. Dette er generelle føresegner og føresegner knytt til einsskilte arealflatar/typar eller omsynssonar. Føresegnene er viktige i den framtidige bruken av planen. Det er eit mål at føresegnene er utforma som arealplankartet sin «lovtekst». På den måten vert arealplankartet saman med føresegnene eit tydeleg og godt verktøy for sakshandsamar, politikar og innbyggjar. Føresegnene har med reglar for bygging i LNF –spreidd areala som vonleg gjev mindre tal dispensasjonar for små byggetiltak på eksisterande bygnad.

#### Konsekvensutgreiing

Kommunen har konsekvensutgreia alle innspel til kommuneplanen. Gjennom bruk av mal for KU og enkel risikoanalyse fekk kommunen ei god dekning over heile kommunen. Alle innspel fekk sin unike ID. På den maten vart det knytt eigne KU-dokument til kvart innspel. I desse dokumenta vert alle endringar av arealbruken vurdert i høve til ulike fagområde og omsyn. Alle desse KU-dokumenta er samla i eit vedlegg til planen.

## **3.Vurdering av regionale interesser**

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel.

### **3.1 Generelt om planen**

Skilringa av planframlegget er kort og konsist, og gjer ein grei oversikt over kommunen si overordna ønska arealbruk. Kommunen vidarefører i stor grad arealbruk frå dagens kommuneplan, men det er gjort ei endring som vi ønskjer å trekke fram særskilt. Dette gjelder at ein har endra næringsområde i Øksnesmarka (H560\_23 i plankart, nordre del) frå dagens formål som Næring til LNF. Det er gjort grundige vurderingar av innspelsforslaget, og kommunen har vurdert at det er betydeleg fleire positive konsekvensar enn dei negative ved ei slik formålsendring. Konsekvensutgreiinga er velgrunna og tydeleg, og endringa er i ålmenta si beste interesse. Samstundes har kommunen lagt inn fleire større næringsareal tilknytt Mongstadområdet (N40, N41, N42) der det i dag allereie er stor næringsverksemd. Det er fylkesrådmannen si vurdering at dette er eit fornuftig og heilskapleg arealgrep for kommunen.

Vurderingar knytt til arealføremål til bustad går i hovudsak ut på at areal til bustadføremål i planframlegget ikkje er særleg utvida, då kommunen vurderer at det allereie er nok areal for bustadbygging tilgjengeleg. Kommunen har teke utgangspunkt i befolkningsframskrivingar og vurdert at større regulerte bustadområde kan dekkje store delar av forventa befolkningsauke i planperioden. Kommunen legg opp til at det skal

opnast opp for tettare utnytting i sentera. Dette er ei overordna arealtilnærming som Fylkesrådmannen meiner er fornuftig, og ønskjer å legge til at areal til bustadbygging må leggas til rette i henhold til den demografiske utviklinga i kommunen. Vidare diskusjon om areal til bustadføremål vert omtala under.


I plankartet har ein synleggjort arealplanar som skal gjelde vidare/innlemmast i ny kommuneplanen med skravur og fargen kvit. Det er vår oppfatning at ein med fordel kunne synleggjort kva arealformål som allereie ligg i dei reguleringsplanane som skal vidareførast i ny plan. Dette ville i større grad synleggjort den totale ønska arealbruken i kommunen, og gjort dei overordna vurderingane meir tilgjengeleg.

### 3.2 Samordna areal og transportplanlegging / areal til bustad

Vurderingar knytt til arealføremål til bustad går i hovudsak ut på at dette planformålet ikkje er særleg utvida, då kommunen vurderer at det allereie er nok areal for bustadbygging i henhold til forventa befolkningsauke. Dette er ein arealtilnærming fylkesrådmannen stiller seg positiv til. Kommunen ønskjer likevel å gjere tilgjengeleg nokre nye bustadområde, og fleire område for spreitt utbygging (LNF SB/SBN). Områda for LNF spreitt er i hovudsak etablert i område der det eksisterer bygnad allereie og der det er noko konsentrert bygnad med nærleik til offentleg infrastruktur.


Spreitt bustadbygging generer transporthov. Som både Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional Klimaplan for Hordaland uttaler, er eit konsentrert utbyggingsmønster hensiktsmessig både i eit klimaperspektiv og for senterutvikling. Det stettar opp om kollektive transportløyser, og er eit godt utgangspunkt for utbygging av gang- og sykkelvegnett til viktige besøkspunkt. Det er og omtalt i kommunen si planskildring at *«utbygging skal plasserast i område som gjev best mogeleg utnytting av kollektivtransport og som gjer det mogeleg å bruke gang og sykkelveg i samband med lokale tenester og aktivitetar»*.

Bustadfelt B40 (Vardetangen) og B42 (Ervikane) er føreslått med bustadføremål i kommuneplanen. I konsekvensutgreiinga kjem begge desse forslaga ut med overvekt av negative konsekvensar, mellom anna med bakgrunn i; ålmenta si tilgang til strandsona og etablerte badeplassar (born og unge), privatisering av strandsona, redusert verdi av karakteristisk kystlandskap, reduksjon av friluftssinteresser og etablerte turløyper (folkehelse). I tillegg er særleg Vardetangen eit svært vøreutsett område og vil vere utsett for ekstremhendingar. Her er òg avstand til skule og handel relativt stor (3 km gange/4 km køyring), og kommunen reknar med at det vil vere eit bilbasert utbyggingsområde, som i så måte bryt med kommunen sine uttalte mål for lokalisering av bustadområde. Vardetangen ligg i tillegg tett innpå regionalt friluftsområde vurdert som svært viktig (jf. «Område for friluftsliv Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland», 2008). Med bakgrunn i dette rår Fylkesrådmannen ifrå at bustadområde Vardetangen (B40) og bustadområde Ervikane (B42) vert gitt bustadføremål i føreslått kommuneplan.



Figur 1: B40 Vardetangen og B42 Ervikane.

Føreslått område SB1 (Utkilen/Storhaugen) ligg i strandsona vest for eit framtidig LNF-spreitt bustadområde (SB30), på andre sida av Austrheimsvegen (565). Konsekvensutgreiinga syner at føreslått inngrep er negativt for verdifullt kystlandskap, negativt for lokalt friluftsliv, negativt for strandsona og negativ lokaliserings for samfunnsheve som nærleik til senter/gang- og sykkelveg. Det er regional politikk at ein bør leggje til rette for bustadbygging som mogeleggjør bruk av gange- og sykkel til m.a. skule og senterfunksjonar. Fylkesrådmannen rår difor til at dette området ikkje vert tilgjengeleggjort for bustadbygging, og ber om at SB1 vert teke ut av planforslaget.



Figur 2: SB1 Utkilen/storhaugen.

Fylkeskommunen har likevel forståing for at ein viss grad av spreidd utbygging er naudsynt for å oppretthalde eit befolkningsgrunnlag i grender og meir perifere område, og kan i visse tilfelle vere naudsynt for vidareføring av landbruksdrifta. Det er her viktig at premiss som er lagt i føresegn §3.2.1 til kommuneplan vert følgd opp i planperioden: «Område med spreidd byggeområde kan i planperioden byggast ut der det ikkje er til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur og miljø. Det kan ikkje byggast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogområde av høg bonitet, jf. pbl §11-11 nr. 12». Føresegn som dette bør i stor grad gjere at eventuelle tiltak i LNF spreitt ikkje vil gå på tvers av omsyn til LNF-verdiar.

Slik planframlegget ligg kan vi ikkje sjå at det er gjort nokon vurdering av omfanget (til dømes tal nye bygnader i eit område) som er tillate i LNF-spreitt. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjennomført vurderingar og synleggjort i føresegn kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden, jf. PBL § 11-11.

### 3.3 Senterutvikling

Regional plan for attraktive senter i Hordaland ønskjer mellom anna å synleggjere korleis ein gjennom planlegging kan bidra til å skape attraktive sentrumsområde, som utformas slik at «dei er attraktive å vere, bu og drive næring i». Det er positivt at kommunen legg opp til å bygge tett, og konsentrere nybygg i eksisterande bustadområder i nærleiken av kommunesenteret og lokalsenter. Fylkesrådmannen viser samstundes til retningsline § 2.3 «Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum». Vi kan ikkje finne at dette er gjort i forslag til kommuneplan for Austrheim, og ber om at senterstruktur med fastsatt sentrumsutstrekning vert bestemt i kommuneplanen.

### 3.4 Friluftsliv

Frå eit friluftslivsperspektiv er det svært gledeleg at kommunen har valt å gjere Øksnesmarka om til friområde, og med omsynssone H560 for Bevaring av naturmiljø for nordre del av Øksnesmarka.

Kommunen har lagt til rette for leik og idrett for born og unge, mellom anna gjennom utbygging av idrettspark i nærleiken av Årås skule. I kommunen sin plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har handlingsprogrammet ei opplisting av plan for anlegg, og det er i kommuneplan sett av areal for framtidig

utbygging av desse. Det er i tillegg teke omsyn til område som er planlagt til turveggar og friluftaktivitet, og eksisterande turstiar og friområde er innteikna i kommunekartet.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til at kommunen ønskjer å sikre verdifulle friområde for ålmenta, og at kommunen har det som ei av sine arealstrategiar for kommuneplanarbeidet. Tilgangen til natur og friluftsområde er ein viktig kvalitet for både innbyggjarar og tilreisande i kommunen. Kommunen har eit uttalt ønske om å vere ein attraktiv turistdestinasjon, og ivaretaking av natur- og friluftssinteresser vil difor vere viktig for å få dette til. Det er positivt at kommunen er godt i gang med kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunen, og fylkesrådmannen ønskjer lykke til i det gjenstående arbeidet.

Det er eit overordna politisk mål at alle skal ha moglegheit til å utøve helsefremjande, trivsleskapande og miljøvenleg friluftsliv og fysisk aktivitet i det daglege livsmiljøet og i kringliggjande naturområde. Friluftsliv er eit fellesgode som må sikras som kjelde til god livskvalitet, betre folkehelse og bærekraftig utvikling.

### 3.5 Folkehelse

Under arealstrategiar for bustadbygging kan det med fordel løftast fram å leggje til rette for møteplassar i bustadområde. Gode møteplassar for alle fremjar inkludering, trivsel og bumiljø. Det er også bra at kommunen tenkjer universell utforming og folkehelse i bustadområde.

I arealstrategiane vert universell utforming (UU) lista opp som ein av fleire faktorar som det skal takast omsyn til «(...) i område der eksisterande arealplanar framleis skal gjelde». Det er bra at UU er nemnd i kommunen sine overordna arealstrategiar, men fylkeskommunen saknar ei breiare forankring av universell utforming i grunnlag for arealvurderingar.


### 3.6 Samferdsel

Under overskrifta «Viktige tema» er det skissert opp ei rekke sentrale tema som er viktig å fokusere på i det vidare arbeidet. Transport og samferdsel er ikkje eit eige tema, men det bør vurderast å omhandle dette særskilt. Både med tanke på utslepp, trafikktryggleik og folkehelse er det viktig å leggje til rette for andre transportalternativ enn privatbil. Dei overordna arealstrategiane tek dette opp, og det er positivt at kommunen legg opp til å bygge tett, og konsentrere nybygg i eksisterande bustadområder i nærleiken av kommunesenteret og lokalsenteret på Fønnes-Kaland. Dette er viktig for å kunne betene områda med eit best mogleg kollektivtilbod og planlegge eit samanhengande gang- og sykkelvegnett gjennom kommunen. Generelt bør det leggjast opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med å gå eller sykle (3 km), og dette gjeld særleg målpunkt for barn og unge (som skule og idrettsanlegg). I den samanheng er det viktig at kommunen følgjer opp med rekkefølgjekrav i samband med planlegging og utbygging av nye bustadfelt. Fokus på utvikling av gang- og sykkelveggar er i samsvar med nasjonale og regionale interesser og mål.

### 3.7 Næringsutvikling

Når det gjeld nærings- og samfunnsutvikling har Hordaland fylkeskommune i fleire år arbeida tett saman med Austrheim kommune, i første rekkje gjennom prosjektet «Austrheim heile livet». Fylkeskommunen har også vore tett involvert i utbygginga av breiband og basestasjonar for mobiltelefoni i området. Næringshagen i Nordhordland er også godt etablert i kommunen, og den bør brukast til å leggja til rette for ein variert næringsstruktur som ikkje er så avhengig av aktiviteten på Mongstad. I tillegg er det viktig å ivareta og utvikla landbruket i kommunen.

Kommunen ønskjer å sikre attraktive næringsareal til ny næring. Næringsstrukturen i kommunen er dominert av industri og anna verksemd i tilknytning til Mongstad. Fylkesrådmannen støtter difor kommunen sitt ønske om å leggje til rette for attraktive næringsareal i Mongstadorrådet (N40-42). Samstundes er det naudsynt for andre område i kommunen at det vert mogeleggjort næringsverksemd, og kommunen løyser dette gjennom mindre næringsområde og mogelegheit for spreitt næringsutbygging i mellom anna utvalde LNF-område. Dette er i hovudsak til næringar som reiseliv, gardturisme/utsal og fiskeri. Arealbruken er avgrensa med byggjegrænse mot sjø.



Figur 4: Forslag til nye næringsareal i nærleik til Mongstad

### 3.8 Klima og energi

Fylkesrådmannen er i hovudsak nøgd med kommunen si omtale av klima, men saknar omtale av transport som kjelde til utslepp. I nasjonal samanheng er transport den største kjelda til utslepp, og kommunen har verkemidlar som kan nyttast for å oppnå ein meir berekraftig transport og redusere transportbehovet. God arealplanlegging som gjer at folk kan klare seg med mindre bilbruk og heller gå eller sykle, er aller best. Austrheim kommune fekk i 2015 kr. 150.000 i støtte frå Hfk over klimaplanen til gang- og sykkelstrategi. Vi vil rå til at kommunen prioriterer sykkelveg mellom kommunesenteret og Mongstad. Ladeinfrastruktur for elbilar er etablert på Mongstad og i Mastrevik. Utbygging av fleire ladestasjonar bør prioriterast ved dei andre lokalsentra.

Klimaendringar er omtalt under risiko og sårbarheit. Klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Særleg senterområda med mykje harde overflatar og asfalt kan vere utsette for flaum og oversymjing. Det gjeld både Mastrevik Torg og lokalsenter på Fønnes-Kaland. Kommunen kan få krav om regress viss det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til potensielle skader frå overvatn. Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutføring av uteareal og nye byggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder.

Energiforsyning er eit tema som vanlegvis ikkje vert omtalt i kommuneplanar, då det ikkje vert handsama etter plan- og bygningslova. Attgroing av det nordhordlandske kulturlandskapet skjer delvis på grunn av klimaendringane og skapar også problem for kraftlinjer. Austrheim og Radøy er aktuelle samarbeidspartnarar i fylkeskommunen sitt klimatiltak 3.2. Sårbarheitsanalyse for kraftforsyninga, med vedlikehald av branngater som eitt aktuelt tema, og utnytting av skog og biomassar eit anna tema. Vøl og

drift av kulturlandskapet er sentralt i Biosfære Nordhordland, som Austrheim er ein del av, og der verdiskaping og klima er viktige aspekt.

Austrheim kommune syner god forståing av problemstillingane knytt til massehandtering og jorddeponi, noko fylkeskommunen stiller seg positiv til. Kommunen har samarbeidd med mellom anna fylkeskommunen om klimatiltaket *Overskotsmasser: frå problem til ressurs – ta vare på matjorda, i 2015/2016*. Det er vår oppfatning at dette har vore eit vellukka prosjekt jf. prosjektets målsettingar, og er positive til at prosjektet skal vidareførast til å gjelde for 2016/2017. Fylkeskommunen bidrar gjerne i det vidare samarbeidet.


### 3.9 Landskap

All utbygging har verknad på landskapet og fjernverknader av tiltak i strandsona kan få særleg store konsekvensar grunna lange siktlinjer. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Dette er mellom anna handtert gjennom føresegn § 1.7.1

Opne landskap er eit av hovudmåla for kommunen. Dette landskapet ønskjer kommunen mellom anna å oppretthalde ved å unngå oppstyking av samanhengande landbruksområde, og ved å leggje til rette for å landbruksdrift. Fylkesrådmannen er einig i at det er eit viktig premiss for å sikre og bevare det opne kyst- og kulturlandskapet at ein sikrar gode forhold for eit aktivt landbruk med tilgang på gode innmark- og utmarksområde.

### 3.10 Naturmangfald

I Budalen er det føreslått å opne for utbygging av naustområde i SB32. Området som i KU er omtalt som ID4 ligg som del av LNF spreitt (SB32), og foreslått tiltak syner negativ verknad på biologisk mangfald, der det er registrert hekkande vipar (rødlisterart). Med bakgrunn i dette oppmodar fylkesrådmannen kommunen til å fjerne området identifisert som ID4 i konsekvensutgreiinga frå SB32. I tillegg til negative konsekvensar for naturmangfald, får eit eventuelt tiltak i Budalen negativ verknader med omsyn til jordbruk (fulldyrka mark), landskap og strandsona. Dette området (ID4) ligg i dag i urørt strandsona, og jf. KU vil utbygging av området ytterlegare stengje for tilgang til opne område mot sjø. KU anbefalar ikkje utbygging til naust i Budalen.



Figur 3: Raudt kryss syner område i Budalen som vert vurdert for utbygging av naust (ID4 i KU).

Forøvrig saknar fylkesrådmannen fokus på naturmangfald i planframlegget. Sikring av særleg viktige naturmiljø er kort nemnd under overordna arealstrategiar, men det er ingen strategi eller omtale knytt til biologisk mangfald.

### 3.11 Strandsone

Det er positivt at kommunen har gjort ei kartlegging av funksjonell strandsona og nytta dette i vurderingar av

innspel til tiltak i strandsona (Funksjonell strandsona er definert som «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig»). Dette gjer eit godt utgangspunkt for faglege og konsistente vurderingar.

Kommunen er prega av mykje strandsona, og det er difor å venta at det vil vere ønskjer om utbygging i strandsona. Det er sett av nokre naustområde i kommuneplanforslaget, i tillegg til at det er opna for ei avgrensa fortetting i nokre regulerte hytteområde og avgrensa spreidd utbygging av fritidsbustader. Føresegn §1.6.10 sett krav til utforming og kvalitetar i naust, og slår fast at naust ikkje skal nyttast til varig opphald. Dette tolkar fylkeskommunen til å bety at ein ikkje kan leggje til rette for overnattingsfasilitetar i naust.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til kommunen sine arealstrategiar for strandsona, som mellom anna legg vekt på ålmenta si tilgang til strandsona, å ikkje tillate utbygging i heilskapleg og samanhengande kystlandskap, og bruk av kartlegging av funksjonell strandsona som grunnlag for arealvurderingar. Det vert og slått fast at «*øyar og holmar som ikkje er busett skal vernast mot inngrep*». I lys av kommunen sin målsetting om opne landskap reiknar fylkesrådmannen med at tiltak som legg til rette for hogst av uønska tresortar som truar det opne landskapet og/eller utmarksbeite ikkje er å rekne som inngrep som ikkje vert tillate.

Strandsona er ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og rekreasjon. Fylkesrådmannen ønskjer å framheve at strandsona må ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta ålmenta sine interesser og å unngå uheldig utbygging.

### 3.12 Landbruk/Massehandtering

Det vert føreslått at område D6 i kommuneplan (ID28 i KU - Fønnes) vert jorddeponi i LNF-område, for ivaretaking av jordressursar (overskotsmassar) og oppdyrking av nytt landbruksareal. Det er positivt at kommunen tek tak i problemstillinga, og er proaktiv med å gjere tilgjengeleg areal for overskotsmassar allereie på overordna plannivå. Kommunen er samstundes bevisst utfordringar med mellom anna potensielle ureine massar og drenering/avrenning. Det er svært viktig at det er gode rutinar for handtering og vurdering av framtidige ønske om jorddeponi, og at avbøtande tiltak vert gjennomført ved ei eventuell jorddeponi.

Føresegn § 1.2.2, h. fritiek plassering av jord- og torvmassar som skal nyttast direkte til landbruksproduksjon i LNF-område frå krav om reguleringsplan. Om framtidig areal ønskas nytta til varige jorddeponi vert det krevja reguleringsplan.

### 3.13 Mineralressursar og skjelsand

Ved høyringa av planprogrammet i 2013 gav Hordaland fylkeskommune fråsegn (vår referanse 201302925-5) vedkomande dei relativt store mengdene av skjelsand som er kartlagt i kommunen (jf. NGU-rapport 2011.027). Vi viste der til at retten til desse ressursane ligg til staten i medhald av kontinentalsokkelova og at fylkeskommunen er delegert konsesjonsmyndigheit ved søknader om uttak av skjelsand. I fråsegna viste vi korleis kommunen kunne handtere uttak av skjelsand i kommuneplanen sin arealdel. Uttak av skjelsand er likevel ikkje omtalt i høyringsframlegget til kommuneplanen sin arealdel.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging frå juni 2015, seier at det er forventa at: *"Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng"*. Etter forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter særlov, er fylkeskommunen ansvarleg myndigheit for konsekvensvurderingar ved søknader om skjelsandkonsesjonar, og forskrifta seier at behandlinga skal knytast opp til kontinentalsokkelova.

Vidare visar vi til Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil vidare), som har ei fylkespolitisk retningsline som seier at *"Område for skjelsandopptak skal vurderast og gjerast synleg i arealplanar"*.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er gjort arealvurderingar av område for skjellsandopptak. I det vidare arbeidet oppmodar vi kommunen til å gjere aktuelle område synleg i kommuneplankartet og gjennom føresegner. Slik vil kommunen i forkant vurdere kor eventuelle uttak er ønskjeleg, eller eventuelt minst konfliktfylt.

Som ved fråsegna i 2013, viser vi igjen til departementet sin rettleiar T-1491 til kommuneplanen sin arealdel, der det står følgjande om korleis skjellsand kan handterast i arealdelen:

*«Skjellsanduttak er ikke eget underformål i plan- og bygningsloven. Areal kan avsettes til skjellsanduttak ved å bruke det generelle formålet "bruk og vern av sjø og vassdrag" og spesifisere bruken nærmere gjennom bestemmelser. Bestemmelser etter § 11-11 nr. 3 kan gis om "bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn", og dette gir muligheter for å styre skjellsanduttak. Det kan også være en mulighet å benytte formålet råstoffutvinning etter § 11-7 nr. 1, dersom det anses mer hensiktsmessig».*

### 3.14 Akvakultur

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er det avsett 4 område for akvakultur i sjø samt eit stort fleirbruksområde som inkluderer akvakultur.

I høringsframlegget er alle områda for akvakultur fjerna, og i tillegg er Akvakultur tatt ut av fleirbruksområdet. Det er tatt inn eitt område for akvakultur i planen, ved lokalitet Øksneset i Børildosen. Dette AK-området dekker berre delar av det eksisterande anlegget.

Det går ikkje fram av høringsdokumenta kvifor det er gjort endringar i høve akvakultur.

#### Generelle kommentarar

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 heiter det mellom anna at det er forventa at: «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsonen planleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet ses i et regionalt perspektiv».

Stortingsmelding 16 (2014-2015) om Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørrettoppdrett, står mellom anna at «den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane», og at «samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn». Det vert i tillegg sagt at planlegginga må sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona.

I Regional næringsplan for Hordaland 2013 -2017 er havbruksnæringa trekt fram som ei av dei viktigaste næringane i fylket. Havbruksnæring er viktig for verdiskaping og for sysselsetting i distrikta. Næringa har potensiale for vekst og utvikling og det er heilt avgjerande at fylkeskommunen er med på å leggje gode rammevilkår. Areal til produksjon av sjømat er ein viktig faktor. I Handlingprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 er eit av innsatsområda innan marin sektor å «sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling».

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å leggje til rette for havbruksnæringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Sjøområda som vert sett av til AK-område kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggsplassering. Blir områda små kan dette vanskeleggjere anleggs- og fortøyingsutskifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemder vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. På sikt vil det på grunn av dette bli vanskelegare å drive anlegga på ein miljømessig berekraftig måte.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med



vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

#### Akvakulturområde ved Allersholmen

Ved lokalitet Allersholmen er akvakulturområdet fjerna. Ved Allersholmen er det gjeve løyve etter akvakulturlova til oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimal tillaten biomasse på 1560 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit kompakt stålanlegg med tilhøyrande føringsflåte. Anlegget er i bruk, og innehavar vil utvikle lokaliteten vidare framover.

Løyve etter akvakulturlova vil gjelde sjølv om arealet til akvakultur vert fjerna i arealplanen. Før eller sidan får verksemda behov for utskifting av anleggsdelar, men dette vil ikkje vera muleg fordi eit slikt tiltak vil vera strid med planen. På sikt vil soleis lokaliteten måtte leggjast ned. Fylkeskommunen vektlegg behovet for forutsigbarheit i vurderinga av området ved Allersholmen. Det har vore anlegg på lokaliteten sidan 1999, og akvakulturområde i arealplanen sidan 2006. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til dette punktet.

#### Akvakulturområde ved Øksneset

I gjeldande arealplan ligg lokalitet Øksneset i eit stort fleirbruksområde som inkluderer akvakultur. I framlegget til ny arealplan er A tatt ut av dette fleirbruksområdet. Det er i staden tatt inn eit AK-område ved lokalitet Øksneset. Lokaliteten er godkjent for eit plastringanlegg med 10 ringar og tilhøyrande føringsflåte, og har ein maksimalt tilleten produksjon på 5460 tonn. Det nye AK-området dekker berre 6 av dei 10 ringane i anlegget. Akvakulturområdet ved Øksneset må utvidast til å inkludere heile anlegget, samt ei sone rundt anlegget, slik at det er mogelegheit til å utvikle seg og gjere endringar på lokaliteten.

Fylkeskommunen har vektlagt behovet for forutsigbarheit i vurderinga av området ved Øksneset. Det har vore anlegg på lokaliteten sidan 2009, og fleirbruksområde med akvakultur i arealplanen sidan 2006. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til dette punktet.

#### Akvakultur i fleirbruksområde

Det å fjerne akvakulturområde i arealplanen betyr at det i den komande planperioden ikkje er muleg å etablere ny akvakultur, og planen viser ikkje utviklingsmulighetene på lang sikt innan akvakultur. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling. Ny teknologi, andre artar og driftsformer bør og kunne etablerast i Austrheim kommune. Slik planforslaget ligg føre er det ingen areal kor ny akvakultur kan etablerast, og det er lite utviklingspotensiale innan næringa i kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen gjer ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur slik at til dømes nye lokalitetar, ny teknologi, andre artar og/eller driftsformar kan etablerast.

#### Fortøyingar frå akvakulturanlegg i Hoplandsosen

I Hoplandsosen ved Jibbersholmane i Radøy kommune er det etablert anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure. Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingssarrangementet ligg i Radøy kommune, medan fem fortøyingar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøying ankerfeste mot nordvest ligg i Austrheim kommune. Austrheim kommune gav i 2014 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for dette tiltaket. I framlegget til ny plan er arealet der fortøyingane ligg lagt ut som område for Ferdsl. Føresegnene må supplerast med at det er høve til å leggje forankringar frå oppdrettsanlegg i ferdselsområde. Det er viktig at føresegnene vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. Til arealkategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag er det laga ei føresegn som opnar for fortøyingar frå oppdrettsanlegg. Tilsvarande føresegn må og kunne lagast for arealkategorien ferdsel.

### **3.15 Kulturminne og kulturmiljø**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Etter at planforslaget vart lagt ut til høyring har vi vore i dialog med administrasjonen i Austrheim kommune.

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkesrådmannen ser det som særst positivt at Austrheim kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan, då kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging frå 12.06.2015. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

#### Planforslaget

Austrheim kommune har tatt omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål. Planframlegget er ikkje i konflikt med kjende kulturminne. Konsekvensutgreiinga har gode vurderingar når det gjeld kulturminne. I KU er det også vurdert potensial for funn av automatisk freda kulturminne i nokre område. Vi saknar likevel ei samla vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne for nye arealføremål, då særleg for areal sett av til spreidd bustadbygging.

#### Nye byggeareal

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Dette må innarbeidast i generelle planføresegner.

#### LNF-spreidd bustadbygging (SB) og spreidd næring (SN)

Austrheim kommune har skild mellom spreidd bustadbygging (SB), spreidd næring (SN) og kombinasjon av dei to (SBN). Ingen av forslaga er i direkte konflikt med kjende freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi, men det hadde vore ein klar føremon om kommunen hadde gjort ei vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne i KU. Det er fleire av områda som har potensial for funn frå forhistorisk tid. Dette gjeld særleg dei nye arealføremåla SBN4 Vikane og SBN5 Austrheim/Skråhaugen, og områda SBN1 Ulvøyana, SBN3 Rebnor og SB23 Øksnes, som er delvis ført vidare frå gjeldande kommuneplan. Område SB31 Utkilen, som er ført vidare frå gjeldande kommuneplan i sitt heilskap, har også høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

For å sikre at Hordaland fylkeskommune får byggesaker i LNF-område med høve til spreidd bustadbygging til handsaming for at undersøkningsplikta (jf. kml § 9) vert handheva, må det innarbeidast under punkt 3.2.1 i planføresegner at:

*«Alle tiltak i areal som ikkje er utbygd innanfor LNF-område med høve til spreidd bustadbygging skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§3, 8 og 9».*

For å sikre at Hordaland fylkeskommune får byggesaker i LNF-område med høve til spreidd næring til handsaming for at undersøkningsplikta (jf. kml § 9) vert handheva, må det innarbeidast under punkt 3.2.4 i planføresegner at:

*«Alle tiltak i areal som ikkje er utbygd innanfor LNF-område med høve til spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§3, 8 og 9».*

#### Omsynssoner:

I samband med varsel om oppstart av planarbeid med kommuneplanens arealdel spilte Hordaland fylkeskommune inn at omsynssoner, jf. plan- og bygningsloven (pbl) §11-8 c og d må visast på plankartet og må sikrast gjennom planføresegner. Retningslinjer og føresegner for omsynssone for *bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H570)* og omsynssone *bandlegging etter kulturminnelova (SOSI-kode H730)* er ikkje

integrrert i planføresegnene. Føresegn 4.3.3 «*Bandlegging etter andre lov om kulturminner (H730)*» inneheld feil og er mangelfull.

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor delplanområda, jf. pbl § 11-8, c. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

Omsynssone d (SOSI-kode H730)

*«I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillatt, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»*

Retningsliner som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

Omsynssone c (SOSI-kode H570)

*«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»*

Fylkesrådmannen ser det som positivt at dei viktige kulturmiljøa ved Fosnstraumen og ved Fønnesstraumen har fått omsynssonene i planen som gjeld større område rundt dei kjende lokalitetane. Omsynssonene er likevel vist i plankartet med feil SOSI-kode, og dei må visast som omsynssone c, bevaring av kulturmiljø, jf. pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570). Alle automatisk freda kulturminne bør visast på plankartet som omsynssone d, bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8, d (SOSI-kode H730). Vi ber om at dette vert retta opp.

#### Generelle føresegner

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Fylkesrådmannen ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

- I. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.»*
- II. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»*

#### **Særlege kulturminnefaglege merknader**

##### Omsynssone ved Fosnstraumen

Det er positivt at forhistoriske lokalitetar ved Fosnstraumen har fått omsynssone i kommuneplanen. Vi vil likevel be kommunen om å vurdere ei større omsynssone i det aktuelle området for å sikre betre vern av det viktige kulturmiljøet.

##### Omsynssone på Hopland

Gardshusa på Hopland, gnr. 155, bnr. 15, Askeladden-id. 214591, bør få omsynssone kulturmiljø H570 i plankartet.

Tekniske og formelle manglar:

Fylkesrådmannen tilrår å fremje motsegn til planforslaget då tidlegare innspel ikkje er tatt til følge i planforslaget. Motsegn er knytt til tekniske og formelle manglar i høve kulturminneinteresser, og vert trekt dersom vårt forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.

### **Innspel frå Riksantikvaren**

«Riksantikvaren sitt innspel gjeld Austrheim mellomalderkyrkjestad, Askeladden id-nr. 83830-4, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 fyrste ledd pkt. j).

#### Austrheim mellomalderkyrkjestad

I mellomalderen var Austrheim kyrkje truleg ei stavkyrkje. I første halvdel av 1600-åra vart kyrkja riven, og erstatta av ei tømmerkyrkje. Denne vart riven etter at den noverande kyrkja sto ferdig i 1865. Noverande kyrkje vart bygd nord aust for der stavkyrkja og tømmerkyrkja sto. Avgrensinga av Austrheim mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden under id. nr. 83830-4.

#### Riksantikvarens merknader og vurderingar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket. Austrheim kyrkjestad er ein mellomaldersk kyrkjestad. Det er derfor viktig å vurdere om tiltak i planen vil vere utilbørleg skjemma for det automatisk freda kulturminnet i området, jf. kulturminnelova § 3.

Austrheim mellomalderkyrkjestad er eit automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Avgrensinga av Austrheim mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden under id. nr. 83830-4.

Til mellomalderkyrkjestaden høyrer avgrensing av ei sikringssone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føresegnene for Austrheim mellomalderkyrkjestad skal det stå:

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»*

*«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»*

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredstiller vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T - 3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Riksantikvaren rår til at den mellomalderske delen av kyrkjegarden får svart rutenettskravur og SOSI-kode H730.

Riksantikvaren vurderer det slik at kyrkjestaden sine opphavlege omgjevnader i liten grad er forstyrta av utbygging frå nyare tid. Riksantikvaren vurderer det som viktig å ivareta den kulturhistoriske samanhengen som kyrkjestaden er ein del av og hindre at arealføremål i nærleiken av kyrkjestaden medfører fare for utilbørleg skjemming av den mellomalderske kyrkjestaden.

Dersom kommunen gir melding om at føresegnene til kommuneplanen ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Hordaland fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.»

### Innspel frå Bergens Sjøfartsmuseum

«Bergens Sjøfartsmuseum sitt ansvarsområde, etter føresegn til kulturminnelova, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminnelova marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne råke sjøbotnen.

Museet er rette mynde til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er § 14 i kulturminnelova som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom. Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planar som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Store delar av kommunens areal ligg innanfor eit prioritert område når det gjeld marine kulturminne. Området dekker ein del av den indre leia frå nord mot Bergen, både innseglinga frå havet gjennom Feieosen og kystleia for mindre fartøy gjennom Kjelstraumen. Her ligg det handels- og gjestgjevarstaden Kjelstraumen og fiskeværret Rongevær. Kommunen har fleire registrerte skips- og lausfunn og indikerte forlis gjennom skriftlig materiale. Også andre delar av kommunen har potensial for funn av verna og automatisk freda kulturminner. Verken for eksempel Fønnesstraumen eller Fosnstraumen er tidlegare undersøkt, men synast å ha stort potensial for eldre maritim sjøfart og spor etter denne.»

## 4. Oppsummering

Skildringa av planframlegget er kort og konsist, og gjer ein god oversikt over kommunen si overordna ønska arealbruk. Fylkesrådmannen er positiv til dei overordna arealstrategiane som er lagt til grunn for kommunen sine arealvurderingar.

Kommunen sine vurderingar knytt til arealføremål til bustad syner at det i stor grad er tilstrekkeleg med areal for bustadbygging i eksisterande planar, og kommunen har difor ikkje i særleg grad utvida areal til bustadbygging i dette planframlegget. Kommunen har teke utgangspunkt i befolkningsframskrivingar. Fylkesrådmannen er positiv til kommunen sine arealvurderingar på dette området. Samstundes er det i planframlegget føreslått fleire område for bustadbygging som i konsekvensutgreiinga står frem med overvekt av negative konsekvensar. Fylkesrådmannen rår til at fleire av desse vert teke ut av planforslaget.

Det er positivt at kommunen legg opp til å bygge tett, og konsentrere nybygg i eksisterande bustadområder i nærleiken av kommunesenteret og lokalsenter. Fylkesrådmannen viser samstundes til retningsline § 2.3 «*Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum*». Vi kan ikkje finne at dette er gjort i forslag til kommuneplan for Austrheim, og ber om at senterstruktur med fastsatt sentrumsutstrekning vert bestemt i kommuneplanen.

Frå eit friluftslivsperspektiv er det svært gledeleg at kommunen har valt å gjere Øksnesmarka om til friområde. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til at kommunen ønskjer å sikre verdifulle friområde for ålmenta, og at kommunen har det som ei av sine arealstrategiar for kommuneplanarbeidet. Det er positivt at kommunen er godt i gang med kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunen.

Under arealstrategiar for bustadbygging kan det med fordel løftast fram å leggje til rette for møteplassar i bustadområde. Gode møteplassar for alle fremjar inkludering, trivsel og bumiljø. Det er også bra at kommunen tenkjer universell utforming og folkehelse i bustadområde.

Transport og samferdsel er ikkje trekt frem som eit eige tema, men det bør vurderast å omhandle dette særskilt. Generelt bør det leggest opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med å gå eller sykle (3 km), og dette gjeld særleg målpunkt for barn og unge (som skule og idrettsanlegg).

Kommunen ønskjer å sikre attraktive næringsareal til ny næring. Næringsstrukturen i kommunen er dominert av industri og anna verksemd i tilknytning til Mongstad. Fylkesrådmannen støtter difor kommunen sitt ønske om å leggje til rette for attraktive næringsareal i Mongstadorrådet (N40-42).

Fylkesrådmannen er i hovudsak nøgd med kommunen si omtale av klima, men saknar omtale av transport som kjelde til utslepp. Det er god arealplanlegging om folk kan klare seg med mindre bilbruk og heller gå eller sykle til viktige målpunkt. Klimatiske endringar er venta å gje auka overvassproblematikk, som igjen vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Særleg senterområda med mykje harde overflatar og asfalt kan vere utsette for flaum og oversymjing.

All utbygging har verknad på landskapet og fjernverknader av tiltak i strandsona kan få særleg store konsekvensar grunna lange siktliner. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Opne landskap er eit av hovudmåla for kommunen. Dette landskapet ønskjer kommunen mellom anna å oppretthalde ved å unngå oppstykking av samanhengande landbruksområde, og ved å leggje til rette for å landbruksdrift. Fylkesrådmannen er einig i at det er eit viktig premiss for å sikre og bevare det opne kyst- og kulturlandskapet at ein sikrar gode forhold for eit aktivt landbruk med tilgang på gode innmark- og utmarksområde.

Fylkesrådmannen saknar fokus på naturmangfald i planframlegget. Sikring av særleg viktige naturmiljø er kort nemnd under overordna arealstrategiar, men det er ingen strategi eller omtale knytt til t.d. biologisk mangfald.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til kommunen sine arealstrategiar for strandsona, som mellom anna legg vekt på ålmenta si tilgang til strandsona, å ikkje tillate utbygging i heilskapleg og samanhengande kystlandskap, og bruk av kartlegging av funksjonell strandsone som grunnlag for arealvurderingar. Det vert og slått fast at *«øyar og holmar som ikkje er busett skal vernast mot inngrep»*.

Uttak av skjelsand er ikkje omtalt i høyringsframlegget, og fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er gjort arealvurderingar av område for skjelsandopptak. I det vidare arbeidet oppmodar vi kommunen til å gjere arealvurderingar for mogeleg skjelsandopptak og å gjere aktuelle område synleg i kommuneplankartet. Slik vil kommunen i forkant kunne vurdere og planlegge kor eventuelle uttak er ønskeleg, eller eventuelt minst konfliktfylt.

Å legge til rette for ei berekraftig havbruksnæring er ei viktig forvaltningsoppgåve for Hordaland fylkeskommune. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte. I forslaget til kommuneplan er det foreslått endringar som vil gjere det vanskelig å oppretthalde drift ved fleire område. Med bakgrunn i dette er det knytt motsegn til fjerning av akvakulturområde ved Allersholmen og til begrensningar knytt til akvakulturområdet ved Øksneset.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing. Etter at planforslaget vart lagt ut til høyring har fylkeskonservatoren vore i dialog med

administrasjonen i Austrheim kommune. Fylkesrådmannen tilrår å fremje motsegn til planforslaget då tidlegare innspel ikkje er tatt til følgje i planforslaget. Motsegn er knytt til tekniske og formelle manglar i høve kulturminneinteresser, og vert trekt dersom vårt forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.